



# Reglar for nordisk miljømerking av produkt

22. juni 2011



Nordisk miljømerking

I 1989 beslutta Nordisk Ministerråd å innføre ei frivillig offisiell miljømerking, Svanen. Organisasjonane/foretaka nedenfor forvaltar Svanemerket på oppdrag frå dei respektive landa sine regjeringar.

For meir informasjon, sjå nettstadene:

**Finland:**

Miljömärkning Finland  
Box 489  
FI-00101 HELSINGFORS  
Tlf: +358 424 2811  
Faks: +358 424 281 299  
www.ecolabel.fi  
joutsen@motiva.fi

**Danmark:**

Miljømærkning Danmark  
Fonden Dansk Standard  
Kollegievej 6  
DK-2920 CHARLOTTENLUND  
Tlf: +45 72 300 450  
Faks: +45 72 300 451  
www.ecolabel.dk  
info@ecolabel.dk

**Norge:**

Miljømerkning  
Tordenskiolds gate 6 B  
NO-0160 OSLO  
Tlf: +47 24 14 46 00  
Faks: +47 24 14 46 01  
www.svanemerket.no  
info@svanemerket.no

**Island:**

Norræn Umhverfismerking á Íslandi  
Umhverfisstofnun  
Suðurlandsbraut 24  
IS-108 REYKJAVIK  
Tlf: +354 591 20 00  
Faks: +354 591 20 20  
[www.svanurinn.is](http://www.svanurinn.is)  
svanurinn@ust.is

**Sverige:**

Miljömärkning Sverige AB  
SE-118 80 STOCKHÖLM  
Tlf: +46 8 55 55 24 00  
Faks: +46 8 55 55 24 01  
www.ecolabel.se  
svanen@ecolabel.se

Dette dokumentet er omsett frå svensk. Ved uklarheiter, er det den svenske originalen som gjeld.

# Reglar for nordisk miljømerking av produkt

## Innhaldsregister

1	Innleiing.....	1
2	Søknad .....	1
2.1	Søknad om miljømerkisens .....	1
2.2	Tausheitsplikt og informasjon .....	3
2.3	Lisens og registreringa si gyldigheitstid.....	3
2.4	Overdraging .....	3
2.5	Oppseiing.....	3
2.6	Inndraging av lisens og registrering.....	4
2.7	Ulovleg bruk av miljømerket Svanen .....	4
2.8	Ansvar .....	4
3	Kontroll.....	5
3.1	Val av prøvelaboratorium.....	5
3.2	Kontrollbesøk i samhøve med søknad.....	5
3.3	Kvalitets- og miljøsikring .....	5
3.4	Årleg kontroll/etterkontroll.....	5
4	Avgifter.....	6
4.1	Avgiftssystem .....	6
4.2	Søknadsavgift .....	6
4.3	Avgift for kontrollbesøk.....	6
4.4	Lisensavgift.....	6
4.5	Avgift for endring og utviding .....	7
5	Rutine for klage og reklamasjon.....	7
6	Register .....	7
7	Reglar for bruk av det nordiske miljømerket.....	7
8	Endring av disse reglane .....	8

## Vedlegg

Miljømerket si utforming - vedlegg 1

Søknad om nordisk miljømerkisens - vedlegg 2

Søknad om registrering av miljømerka produkt - vedlegg 3

Miljømerkisens (nordiske lisensar) - vedlegg 4

Miljømerkisens – vedlegg 5

## 1 Innleiing

Følgjande vedtak gjeld for dei føretak som søker eller har lisens til å nytte det nordiske miljømerket Svanen. Reglane vart fastsett av Nordisk miljømerkingsnemnd (NMN) den 22. juni 2011..

Krava for aktuelle produkt (varer eller tenester) er skildra i kriteriedokumentet. For å få lisens til å bruke Svanen krevjest det at krava i det aktuelle og gyldige kriteriedokumentet er oppfylt.

I kvart nordisk land finst det ein miljømerkingsorganisasjon oppnemnt av nasjonale myndigheiter for å forvalte miljømerkinga. Miljømerkingsorganisasjonane er som følgjer:

Danmark: Miljømærking Danmark, Fonden Dansk Standard

Finland: Miljömärkning Finland, Motiva Services Oy

Island: Norræn Umhverfismerking á Íslandi, Umhverfisstofnun

Norge: Stiftelsen Miljømerking i Norge

Sverige: Miljömärkning Sverige AB.

## 2 Søknad

### 2.1 Søknad om miljømerkeliens

#### 2.1.1 Kriterium

Miljømerkeorganisasjonane sender, på grunnlag av vedtak fra NMN, ut kriterium for miljømerking av ei mengd produkt (varer og tenester). For kvart produktområde finst eit kriteriedokument som skildrar dei krava som vert stilte. Krava vert evaluerte og reviderte (vanlegvis i skjerpande retning), justerast eller endrast suksessivt, og kriteriedokumentet vert då erstatta av eit nytt. Gyldighetstida vert oppgitt i det respektive kriteriedokumentet. For å behalde retten til å bruke Svanen krevjest det at kriteria i det aktuelle og gyldige kriteriedokumentet er oppfylt. Alle kriteriedokumenta er publiserte på miljømerkingsorganisasjonane sine heimesider.

#### 2.1.2 Søknad om lisens

Søknad om lisens gjerast på ein blankett, sjå vedlegg 2<sup>1</sup>. Søknad skjer til miljømerkingsorganisasjonen i eige land og er gyldig for behandling i 12 månader. Søknaden kan behandlast av ein annan miljømerkingsorganisasjon etter avtale mellom desse. Beskjed om dette gjevast til søkeren. Føretak utanfor dei nordiske landa søker hos miljømerkingsorganisasjonen i det nordiske landet kor produkta i hovudsak skal marknadsførast.

---

<sup>1</sup>

Nordisk miljømerking kan publisere tilpassa søknadsblankettar for spesifikke produktgrupper.

Kriteriedokumentet oppgir kva dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden. Det er søkjaren sitt ansvar å samle inn all naudsynt informasjon og å sikre at informasjonen er korrekt. Søkjaren svarer også for eventuelle kostnader for dokumentasjonen. I søknaden skal alle dei ulike produktnamn og handelsnamn som søknaden omfattar oppgjevast.

Ved søknad skal krava i hovudversjonen av kriteriedokumentet som gjeld på søknadstidspunktet oppfyllest. Endringar i myndigheitskrav eller kjemikalieklassifiseringar kan påverke lisensieringsvilkår under lisensen si gyldighetstid.

### **Nordisk miljømerkisens**

Ein søknad steller seg normalt til ein miljømerkisens som er gyldig i samtlege nordiske land, sjå vedlegg 4. Miljømerkingsorganisasjonen som har motteke søknaden kontrollerer alle krava i aktuelt kriteriedokument og nasjonale særkrav i landa som er kryssa av på søknadsblanketten og står ansvarleg for all kontakt med lisensinnhavaren angående miljømerkisensen.

Lisensen ferdast ut for dei produkt som oppfyller dei fastsette krava. Ein lisens kan omfatte fleire produkt innan samme produktgruppe dersom produkta har liknande miljøeigenskapar. Ein lisens kan omfatte produkt frå meir enn ein produksjonsstad under følgjande vilkår:

- 1) utslepp frå fabrikk/produksjonsstad inngår ikkje som kravparameter i kriteria
- 2) produksjonsstadene har felles miljø- og kvalitetsleiingssystem
- 3) lisenssøkjeren har ein hovudkontaktperson for miljømerkisensen
- 4) alle produksjonsstadene vert kontrollerte, besøkte og skal oppfylle samtlege krav
- 5) alle produksjonsstadene fremgår av lisens/vedlegg til lisens

### **Nasjonal miljømerkisens og registrering innan Norden**

For visse produktgrupper er det framleis mogeleg å kun søkje lisens i eitt einskild nordisk land. Desse produktgruppene framgår av informasjonen på søkjelandet si heimeside.

For desse lisensinnhavarar (sjå vedlegg 5) er det mogeleg å utvide lisensen til eit anna nordisk land gjennom registrering. Registreringssøknad for det landet/dei landa kor lisensinnhavaren ønskjer å få utvida lisens gjerast på samme blankett som lisenssøknaden (vedlegg 2) eller med ein separat blankett i vedlegg 3. Søknad om registrering skal alltid underskrivast av lisensinnhavaren, sjølv om det er eit anna føretak som søkjer.

### **Nasjonale særkrav**

For nesten alle produktgrupper finst det spesielle nasjonale særkrav som skal være oppfylte for at registrering skal kunne godkjennast. Desse framgår av kriteriedokumentet. Når slike særkrav finst skal lisenssøknaden også innehalde dokumentasjon som viser at desse krava er oppfylte..

### **Endringar i lisens/registrering**

Lisensinnhavaren forpliktar seg under lisenstida til å omgåande underrette miljømerkingsorganisasjonen dersom det gjerast vesentlege endringer i produktet eller produksjonen, og som på nokon måte kan, eller kan mistenkjast å medføre at krava i kriteriedokumentet ikkje vert oppfylte. Miljømerkingsorganisasjonen avgjer om endringa er av ein slik art at ny test/kontroll krevjest for å verifisere at produktet framleis oppfyller krava.

### **2.1.3 Søkjaren**

Det føretaket som framstiller produktet kan søkje om lisens.

Gjennom søknaden forpliktar søkjaren seg til, dersom lisens vert gitt, å følgje gjeldande kriteriedokument samt desse reglar for nordisk miljømerking.

Også føretak som har eineansvar for eit produkt innan eit nordisk land (eksempelvis ein importør, forhandlar, distributør eller liknande) kan søkje om lisens under forutsetnad av at produsenten underteiknar søknaden. Produsenten forpliktar seg dermed til å følgje kriteria samt desse reglar for nordisk miljømerking.

Dersom fleire føretak blir ansvarlege for produktet i dei/det aktuelle nordiske land skal produsenten umiddelbart gje beskjed til miljømerkingsorganisasjonen om dette. Produsenten skal samstundes oppgje om lisensen skal overtakast av produsenten eller om han skal seiast opp.

Det føretak som innehar registrering har i registreringslandet samme ansvar som lisensinnhavaren. Ansvaret gjeld både produksjonen og bruken av det nordiske miljømerket.

## **2.2 Tausheitsplikt og informasjon**

Miljømerkingsorganisasjonane har tausheitsplikt med omsyn til konfidensiell informasjon som vert motteken i samhøve med søknad om lisens eller registrering og/eller i samhøve med utvikling av miljømerkingskriterium.

Med konfidensiell informasjon meinast her alle opplysingar - tekniske, kommersielle, personlege eller av annan art - som oppgjevast i samhøve med ovanstående og som kan meinast å vere av konfidensiell natur.

## **2.3 Lisensens og registreringa si gyldigheitstid**

Lisensen og registreringa er gyldige så lenge det kriteriedokumentet som lisensen baserer seg på, er gyldig. Når gyldigheitstida for kriteriedokumentet går ut, og eit nytt, revidert dokument vert vedteke av NMN, krevjest ein ny søknad (fornyng) for fortsatt lisens. Lisensinnhavarane skal informerast i god tid etter tidsangjevinga i kriteriedokumentet. Dersom kriteriedokumentet si gyldigheitstid skulle forlengjast, er det imidlertid ikkje naudsynt med ny søknad, lisensen/registreringa forlengjast då automatisk.

## **2.4 Overdraging**

Lisensen og registreringa kan kun overdragast med skriftleg førehandssamtykke frå miljømerkingsorganisasjonen. Søknad om overdraging gjerast skriftleg til miljømerkingsorganisasjonen i eige land.

## **2.5 Oppseiing**

Lisensinnhavar og registreringsinnhavar kan sei opp sin lisens og registrering. Oppseiingstida er tre (3) månader. Beskjed om oppseiing gjevast skriftleg til miljømerkingsorganisasjonen i eige land.

## 2.6 Inndraging av lisens og registrering

Miljømerkingsorganisasjonen kan inndra lisensen/registreringa dersom innehavaren eller produktet ikkje oppfyller krava i gjeldande kriteriedokument, vedtaka i dette regelverket eller krav i lover og forskrifter som angår produktet. Uteblitt betaling av gjeldande avgifter, eller mangel på økonomisk utgreiing, sjå kapittel 4, samt bruk av miljømerket i strid med kapittel 7, gjev også grunnlag for inndraging.

Ved inndraging mistar ein retten til å bruke det nordiske miljømerket med umiddelbar verknad. Inndraging av ein lisens medfører alltid at registreringar i andre nordiske land knytta til lisensen også vert ugyldige. Ei inndraging kan påklagast, sjå kapittel 5.

NMN kan unntaksvis beslutte å oppheve eller vesentleg endre kriteria i løpet av gyldigheitstida dersom ny kunnskap om påverknad på miljø eller helse kjem fram.

Miljømerkingsorganisasjonane atterheld då retten til å inndra samtlege lisensar i ei produktgruppe.

## 2.7 Ulovleg bruk av miljømerket Svanen

Miljømerkingsorganisasjonane reagerer alltid ved ulovleg bruk av miljømerket Svanen . Lisensinnehavarar og registreringsinnehavarar har kun rett til å bruke miljømerket dersom lisensen og registreringa er gyldig.

Lisensinnehavaren sin rett til å bruke miljømerket opphøyrer når lisensen si gyldigheitstid går ut eller lisensforholdet av annan grunn opphøyrer å gjelde mellom lisensinnehavaren og ansvarleg miljømerkingsorganisasjon. Opphøyr av lisens medfører alltid at tilknytte registreringar opphøyrer med umiddelbar verknad.

Dersom ein tidlegare lisensinnehavar og registreringsinnehavar som ikkje har ny lisens og registrering held fram å bruke miljømerket, har miljømerkingsorganisasjonen rett til å krevje økonomisk erstatting. Erstattinga skal tilsvare den omsetnadsbaserte lisensavgifta som lisensinnehavaren skulle ha betalt dersom denne hadde hatt lisens, samt eit gebyr avhengig av omfanget av den ulovlege bruken, kor lang tid bruken har pågått samt den skaden den ulovlege bruken har påført miljømerkingsorganisasjonen. Gebyret skal normalt ikkje vere lågare enn tre tusen (3 000) EUR. Miljømerkingsorganisasjonen kan også setje i verk rettslege tiltak mot ulovleg bruk av miljømerket.

## 2.8 Ansvar

Utføring av ein lisens eller registrering medfører ikkje at miljømerkingsorganisasjonane på nokon måte overtek lisensinnehavaren sitt ansvar for produktet ovanfor ein tredjepart eller på annan måte.

Lisensinnehavaren kan ikkje påberope seg lisensieringa eller miljømerkingsorganisasjonane sin kontroll som ein del av garanti- eller ansvarsforhold.

Miljømerkingsorganisasjonane er ikke ansvarlege for tap eller skade som ein tredjepart pådrar seg som følge av bruk, innbefatta reklame, av miljømerket.

Lisensinnehavaren skal gje erstatning og halde miljømerkingsorganisasjonen skadeslaus mot tap, skade eller ansvar som miljømerkingsorganisasjonen pådrar seg som følgje av lisensinnehavaren sitt avtalebrott, eller av at produktet i lisensperioden ikkje oppfyller dei fastsatte kriteria.

Lisensinnehavaren skal bruke det nordiske miljømerket i semje med god skikk samt i semje med miljømerkingsorganisasjonen sine krav, sjå kapittel 7 og vedlegg 1. Miljømerkingsorganisasjonen reagerer ved ulovleg bruk.

Ovenstående gjeld tilsvarande dei føretak som har registrering.

## **3 Kontroll**

### **3.1 Val av prøvelaboratorium**

Prøvetaking og analyse, kontroll og/eller inspeksjon og liknande skal utførast som oppgitt i kriteriedokumentet for den aktuelle produktgruppa. Laboratorium skal vere uavhengige og kompetente om ikkje anna er bestemt i kriteriedokumentet. Søkjaren er sjølv ansvarleg for dokumentasjon og eventuelle kostnader.

### **3.2 Kontrollbesøk i samhøve med søknad**

I samhøve med lisensiering føretekk miljømerkingsorganisasjonen normalt eit kontrollbesøk hjå søkjaren og/eller produsenten.

### **3.3 Kvalitets- og miljøsikring**

Lisensinnehavaren er pliktig til ved hjelp av dokumenterte rutinar og instruksjonar å sikre at miljømerkingskriteria er oppfylte for samtlege miljømerka produkt under heile lisensen/registreringa si gyldigheitstid. Lisensinnehavaren skal også ta vare på dokumentasjon frå dei testar, målingar og liknande som krevjest i det aktuelle kriteriedokumentet. Lisensinnehavaren pliktar å registrere alle reklamasjonar og korrigerande tiltak som gjeld miljømerka produkt. Miljømerkingsorganisasjonen har rett til omgåande tilgang til all den ovanfor nemnde dokumentasjonen etter at oppmoding om dette er gjort.

Ovanfor nemnde gjeld tilsvarande dei føretak som har registrering.

### **3.4 Årleg kontroll/etterkontroll**

Lisensinnehavaren er pliktig til å utarbeide og sende inn eventuelle årsrapportar/årsoppgjer til miljømerkingsorganisasjonen som oppgjevast i kriteriedokumentet for den aktuelle produktgruppa.

Miljømerkingsorganisasjonen som har innvilga miljømerkisensen og miljømerkeregistreringa kan gjennom etterkontroll sikre at lisensierte produkt tilfredsstiller gjeldande krav. Slik kontroll kan utførast hos lisensinnehavar, produsent, underleverandør, importør, grossist og detaljist utan forvarsel.

Konstaterast feil ved årleg kontroll eller etterkontroll kan den utferdande miljømerkingsorganisasjonen gjennomføre ytterlegere kontroll, alternativt krevje at lisensinnehavaren gjennomfører endringar i produktet, prosessen og i sitt kvalitetssystem. Vedtak om krav om endring skal meldast til lisensinnehavaren skriftleg. Endring skal skje innan rimeleg tid frå datoen for miljømerkingsorganisasjonen si oppmoding.

Dersom kontrollen viser at krava i kriteriedokumentet ikkje er oppfylte, kan miljømerkingsorganisasjonen beordre lisensinnhavaren til omgåande å gjennomføre endringar slik at miljømerkingskrava vert oppfylte. Slike endringar skal alltid gjennomførast innan fjorten (14) dagar rekna frå datoen for miljømerkingsorganisasjonen si oppmoding. Alternativt kan miljømerkingsorganisasjonen omgåande tilbakekalle lisensen og krevje at lisensinnhavaren stoppar all bruk av merket, sjølv i seinare ledd av handelskjeda. Lisensinnhavaren står for kostnadane for inndraging av feilaktig miljømerka produkt.

Ovanfor nemnde gjeld tilsvarende dei føretak som har registrering.

## **4 Avgifter**

### **4.1 Avgiftssystem**

Nedanfor nemnde avgifter vert fastsette av miljømerkingsorganisasjonane, etter prinsippa i Nordisk Ministerråds retningslinjer for miljømerking. Dei aktuelle avgiftene er oppgitt på dei respektive miljømerkingsorganisasjonar sine heimesider.

### **4.2 Søknadsavgift**

I samhøve med søknad om lisens skal søkjaren betale ei søknadsavgift. Denne avgifta vert ikkje refundert ved eventuelt avslag.

### **4.3 Avgift for kontrollbesøk**

I søknadsavgifta er det inkludert at miljømerkingsorganisasjonen gjer eit kontrollbesøk ved ein produksjonsstad innan Norden. Er det fleire produksjonsstader, eller for kontrollbesøk utanfor Norden, eventuelt EU, skal det betalast ekstra avgift.

### **4.4 Lisensavgift**

Etter at søkjaren er blitt tildelt lisens skal denne betale ei lisensavgift. Avgifta betalast årleg for retten til å bruke miljømerket på den nordiske marknaden. Lisensavgifta, som skal betalast på forskott, baserast på det miljømerka produktet sin omsetnad og regulerast/justerast etterfølgjande år. Omsetnadsoppgåve skal, på oppmoding frå miljømerkingsorganisasjonen, utan forseinking leverast i byrjinga av kvart nytt kalenderår.

Dersom omsetningsoppgåva ikkje føreligg seinast 1. april, har miljømerkingsorganisasjonen rett til å fakturere ei estimert lisensavgift basert på tidlegare informasjon om lisensinnhavaren pluss eit straffegebyr på tusen (1000) EUR. Denne lisensavgifta justerast når riktig omsetnadsoppgåve føreligg, bortsett frå straffegebyret. Forsømming av å levere omsetnadsoppgåve eller betale fakturert lisensavgift gjev grunnlag for at miljømerkingsorganisasjonen kan inndra lisensen.

Miljømerkingsorganisasjonen har rett til å krevje attest som styrkar opplysingar om det miljømerka produktet sin omsetnad, samt kontakt med lisensinnhavaren sin revisor.

Omsetnaden kan kontrollerast og justerast av miljømerkingsorganisasjonen fem (5) år tilbake i tid.

For lisens innan ei produktgruppe med nordisk avgiftssystem (se 2.1.2) skal lisensinnhavaren betale lisensavgift basert på omsetnaden på heile den nordiske marknaden. For øvrige

produktgrupper avgrensast avgifta ut frå omsetnaden i dei landa kor lisensinnhavaren har vald å registrere lisensen.

Innehavar av registrering betaler nemnde avgift i det landet kor registreringsbeviset er utferda.

#### **4.5 Avgift for endring og utviding**

Dersom lisensinnhavaren ønskjer å endre eller utvide innhaldet i lisensen skal denne betale endringsavgift og eventuell justert lisensavgift for det arbeidet som då gjerast av miljømerkingsorganisasjonen.

### **5 Rutine for klage og reklamasjon**

Miljømerkingsorganisasjonane har dokumenterte rutinar for klagebehandling.

Behandlingsprosessen er samordna nordisk. Miljømerkingsorganisasjonen har rett til å avgjere om eit produkt omfattast av miljømerkinga eller ikkje, og vedtaket kan ikke påklagast. Vedtak om avslag på ein søknad eller inndraging av ein lisens eller registrering kan påklagast hjå den miljømerkingsorganisasjonen som tok avgjerdsla. Når det gjeld inndraging av lisens/registrering har, dersom ikkje annet er meldt, lisensinnhavaren og registreringsinnhavaren ikkje rett til å bruke miljømerket under klagebehandlingsperioden.

Klaga skal skje skriftleg seinast fire (4) veker etter at den klagande part mottok vedtaket. Kun den som vedtaket angår har rett til å klage. I oppmodinga skal det oppgjevast kva vedtak som skal revurderast, kva endring i vedtaket som oppmodast og kva saklege grunnar ein påberopar seg. Den som har klaga får eit skriftleg svar frå den nasjonale behandlinginstansen.

Miljømerkingsorganisasjonane har også interne rutinar for korleis reklamasjonar behandlast.

### **6 Register**

Miljømerkingsorganisasjonane skal føre eit fortløpande oppdatert register over lisensierte og registrerte produkt og publisere registeret på sine heimesider. Opplysingane som vert publiserte, er dei som ikkje omfattast av taushetsplikta.

### **7 Reglar for bruk av det nordiske miljømerket**

Miljømerket "Svanen" er logoen til den Nordiske miljømerkinga og eit registrert varemerke, beskytta nasjonalt og internasjonalt gjennom WIPO. Retten til merket er atterhaldt dei nordiske miljømerkingsorganisasjonane som i sin tur, gjennom tidsavgrensa lisensiering, gjev føretak rett til å bruke merket på og for produkt som har fått innvilga miljømerkelisens.

Lisensinnhavarar skal vise respekt for logoen som sådan. Dette medfører å ikkje forvrengje, la andre bilete inngå i, skrive tekst over, eller på annan måte forstyrre merket sin utsjånad.

Miljømerket kan heller ikkje inngå i, eller vere ein del av, produktet eller føretaket sin eigen logo.

Miljømerket må ikkje brukast slik at det oppfattast som ei generell profilering av føretaket (med mindre heile føretaket sin produksjon omfattast av lisensen) eller føretaket sine andre,

ikkje miljømerka produkt. Lisensinnhavaren må ikkje parallellt marknadsføre produkt i Norden med samme handelsnamn eller med handelsnamn som er så like at dei lett kan forvekslast med dei miljømerka produkta.

Produkt som skal foredlast eller inngå i andre produkt, kan ikkje merkast dersom dette seinare kan verke misleiande. Desse kan då kun marknadsførast som miljømerka gjennom omslag, emballasje, produktkatalog, marknadsføringsmateriale eller liknande.

Det er lisensinnhavaren sitt ansvar å kontrollere at reglane for bruk og utforming av miljømerket følgjast ved all merking, marknadsføring og reklame for det miljømerka produktet, sjå også vedlegg 1. Vidare skal nasjonal marknadsføringslovgjevning følgjast, og ICC sine reglar for reklame og marknadskommunikasjon overholdast. Miljømerkingsorganisasjonen har rett til å kontrollere bruk og ved behov påleggje lisensinnhavaren å gjere endringer.

## **8 Endring av disse reglane**

Nordisk miljømerkingsnemnd kan endre desse reglane, og samtlege lisensinnhavarar og registreringsinnhavarar skal informerast skriftleg om dette.

# Miljømerket si utforming – vedlegg 1

## 1. Lisensnummer

Kvar miljømerkelisens tildelast eit sekssifra lisensnummer. Nummeret skal oppgjevast saman med merket når det brukast på produktet. Ved reklame og marknadsføring treng ein ikkje å oppgje lisensnummeret dersom det kan identifiserast på annan måte

## 2. Produktgruppenamn og undertekstar

Det aktuelle kriteriedokumentet kan foreskrive spesielle reglar for bruk av merket, som at produktgruppa sitt namn eller annan tekst alltid skal oppgjevast saman med merket. Lisensinnhavaren har alltid rett til å oppgje produktgruppa under merket for å tydeleggjere kva miljømerkinga steller seg til.

## 3. Plassering

Merket skal plasserast på ein slik måte at det ikkje oppstår tvil om kva merkinga gjeld. Merket skal vere tilstrekkeleg stort og synleg plassert slik at kunden ved kjøp har høve til å sjå at produktet er miljømerka.

Miljømerket har følgjande utforming:



Teksten "MILJØMERKET" eller tilsvarende tekst på andre språk følgjer merket si avrunda form på oversida av merket. Dersom lisensinnhavaren ønskjer å bruke fleire godkjende språkversjonar, skal teksten skrivast rundt merket.

Teksten "MILJØMERKET" oppgjevast med store bokstavar og skrifttypen Helvetica, rett, halvfeit. Teikntettleik og teikngrad vert tilpassa merket sin storleik.

Lisensnummeret skal plasserast under merket.

Produktgruppenamnet, eller den respektive underteksten som er fastsett i det respektive kriteriedokumentet, vert tilpassa merket i storleik og skrivast under merket. Skrifttype Helvetica eller Arial, rett, halvfeit.

Miljømerket skal vere så stort at teksten "MILJØMERKET", lisensnummer og eventuelt produktgruppenamn er tydeleg leselege (minst 6 pt). Eit mindre miljømerke kan også tillatast dersom teksten "miljømerket," "produktgruppa sitt namn" samt lisensnummeret i staden skrivast i leseleg storleik ved sidan av miljømerket, sjå eksempel nedanfor.

Eksempel:



Miljømerket trykkeri, 123 456

Den overliggande teksten "MILJØMERKET" på ulike språk:

Danmark:	NORDISK MILJØMÆRKNING
Finland:	YMPÄRISTÖMERKKI - MILJÖMÄRKKT
Island:	UMHVERFISMERKI
Noreg:	MILJØMERKET
Sverige:	MILJÖMÄRKKT
Engelsk:	NORDIC ECOLABEL
Fransk:	ECOLABEL NORDIQUE
Nederlandsk:	HET SCANDINAVISCH MILIEUKEUR
Italiensk:	ETICHETTA ECOLOGICA NORDICA
Spansk:	MARCADO AMBIENTAL NORDICO
Tysk:	NORDISCHES UMWELTZEICHEN
Polsk:	SKANDYNAWSKI ZNAK EKOLOGICZNY
Russisk:	ZNAK EKOLOGITSHESKOI SERTIFIKA TSII SEVERNYX STRAN
Estisk:	POHJAMA ADE ÖKOMÄRGIS
Litauisk:	SIAURES SALIU EKO-ZENKLAS
Latvisk:	ZIEMELU EKOZIME

#### 4. Fargeval

Det nordiske miljømerket skal vere grønt og kvitt. Den grønne fargen er PMS 347 u.

Firefargarskode: CMYK 100 C (cyan), 80 Y (gul).

Der grøen farge ikkje brukast, kan merket i staden vere i kvitt og svart (maks 50 % raster).

Det er akseptabelt at merket trykkjast i svart eller grønt på lys, ufarga eller ubleika bakgrunn slik at sjølve Svanen får bakgrunnen sin farge.

Teksten til merket skal vere svart eller grøen, alternativt kvit på mørk bakgrunn.

Avvik frå fargevala kan kun gjerast i spesielle tilfelle og først etter løyve frå miljømerkingsorganisasjonen. Trykkoriginal for ulike medie kan fritt rekvirerast frå miljømerkingsorganisasjonane og kan lastast ned frå deira heimesider.

**Søknad om nordisk miljømerkelisens**

Søknaden sendast til:

Dato



[Eitt av Miljømerkingssekretariata]

**Opplysingar om søkjaren:**

<b>Føretaksnamn og adresse:</b>	<b>MVA/Organisasjonsnummer:</b>
	<b>EAN-kode</b> (til føretaket, gjeld Danmark):
	<b>Telefon</b> (inkl. landkode):
<b>Kontaktperson:</b>	<b>E-post:</b>
<b>Firmaansvarleg:</b>	<b>E-post:</b>
<b>Faktureringsadresse</b> , (dersom anna enn ovanfor)	<b>Heimeside:</b>
<b>Lisensen søkjast i eigenskap av</b>	<b>Mikroføretak</b>
<input type="checkbox"/> produsent/eigar	<input type="checkbox"/> tal på tilsette
<input type="checkbox"/> forhandlar/importør	<input type="checkbox"/> total omsetnad

**Opplysingar om søknaden**

<input type="checkbox"/> Første søknad om miljømerkelisens	<input type="checkbox"/> Søknad om fornying av lisens	<input type="checkbox"/> Søknad om utviding av lisensnr:
Produktgruppe/kriteriedokument:	nr:	

**Registrering**

Vara/tenesta seljast i følgjande nordiske land (for produkt med nordisk avgiftssystem utferdast ein lisens for heile Norden. For øvrige produktgrupper skal lisensen registrerast i dei respektive landa for å kunne marknadsførast med Svanemerket):

<input type="checkbox"/> Noreg	<input type="checkbox"/> Finland	<input type="checkbox"/> Danmark	<input type="checkbox"/> Island	<input type="checkbox"/> Sverige
--------------------------------	----------------------------------	----------------------------------	---------------------------------	----------------------------------

**Omsetnad**

Oppgje berekna omsetnad av den Svanemerka vara/tenesta i dei respektive land kor de har sal, angje valuta.

Noreg	Finland	Danmark	Island	Sverige
-------	---------	---------	--------	---------

**Opplysingar om vara/tenesta**

Med ei vare meinast ein eller fleire variantar med samme eigenskapar sett m.a. frå eit funksjons- og miljøsynspunkt, sjølv om dei har ulik farge, namn, osv. Dersom felte ikkje strekk til for alle produktnamna, bruk eige vedlegg.

**Samtlege handelsnamn, nemning og spesifikasjon av vara/tenesta skal oppgjevast pr. land.**

Noreg
Finland
Danmark
Island
Sverige

### Søkjaren si forplikting

Vi har lese "Reglar for nordisk miljømerking av produkt". Dersom vår søknad om miljømerkeliens innvilgast, forpliktar vi oss til å følgje desse vedtaka, samt dei miljømerkingskriterium og øvrige vedtak som miljømerkingsorganisasjonen formidlar til oss.

### Vi forpliktar oss såleis til å følgje regelverket som nemnd over, noko som bl.a. inneber:

- å oppfylle gjeldande myndigheitskrav med omsyn til ytre og indre miljø ved all framstilling og handsaming av produktet,
- å oppfylle myndigheitskrav som gjeld produktet i Norden,
- å kun bruke miljømerket på produkt som på alle måtar oppfyller krava i gjeldande miljømerkingskriterium,
- å ikkje bruke miljømerket på andre produkt enn dei som omfattast av vår miljømerkeliens,
- å ikkje parallellt marknadsføre produkt i Norden med samme, eller til forveksling likt, handelsnamn som dei miljømerka,
- å følgje reglane for bruk av miljømerket i samhøve med punkt 7 i "Reglar for miljømerking av produkt",
- å gje riktig informasjon om miljømerkinga sin verdi ved marknadsføring av miljømerka produkt i annonser og anna reklame,
- å betale fastsette avgifter til miljømerkingsorganisasjonen og øvrige kostnader i samhøve med vår søknad om miljømerkeliens og med den kontroll og testing av miljømerka produkt som er foreskrive i dei relevante miljømerkingskriteria og øvrige vedtak,
- å søkje om registrering for produkt utan nordisk avgiftssystem og betale lisensavgifter og øvrige kostnader til miljømerkingsorganisasjonar i dei øvrige nordiske landa der desse lisensierte produkta seljast,
- å komplettere søknaden med dokumentasjon av nasjonale særkrav dersom produkt skal marknadsførast i andre land enn dei som var aktuelle på søknadstidspunktet,
- å halde miljømerkingsorganisasjonen fri for skade mot erstatningskrav eller anna økonomisk utgift som påførast miljømerkingsorganisasjonen som følgje av skade forårsaka av produkt produsert og/eller seld av lisensinnhavaren, herunder inkluderast feil og manglar ved sjølve produktet,
- å kun bruke miljømerket så lenge lisensen gjeld.

Avtale om lisensiert rett til å bruke og påberope seg det nordiske miljømerke Svanen er slutført når miljømerkingsorganisasjonen har utferda lisens.

### Søkjaren sitt firma/underskrift firmaansvarleg

Namn

### Opplysingar om produsenten

Produsenten sitt namn og adresse	Telefon / Faks
Kontaktperson	Produksjonsstad

### Produsenten sine forpliktingar

Vi har lese regelverket ovanfor som denne søknaden viser til. Som produsent av dei produkt søkjaren oppmoder om miljømerkeliens for, forpliktar vi oss med dette til å framstille våre produkt i semje med miljømerkingskriteria for gjeldande produktgruppe. Vidare stadfestar vi at gjeldande myndigheitskrav vedrørande indre og ytre miljø er oppfylt ved all framstilling og handtering av produktet, samt at dei myndigheitskrav som gjeld produktet er oppfylt.

Dato

**Produsenten si underskrift**

Namn

# Søknad om registrering av miljømerka produkt



Søknaden sendast til

Dato

[Eitt av Miljømerkingssekretariata]

## Opplysingar om registreringssøkjaren

<b>Føretaksnamn og -adresse:</b>		<b>MVA/Organisasjonsnummer:</b>	
<b>Kontaktperson:</b>		<b>EAN-kode</b> (til føretaket, gjeld Danmark):	
<b>Firmaansvarleg:</b>		<b>Telefon</b> (inkl. landkode):	
<b>Faktureringsadresse:</b> (dersom anna enn ovanfor)		<b>E-post</b>	
		<b>E-post</b>	
		<b>Heimeside:</b>	
<b>Registrering søkjast i eigenskap av</b>		<b>Mikroføretak</b>	
<input type="checkbox"/> lisensinnehavar		<input type="checkbox"/> tal på tilsette	
<input type="checkbox"/> forhandlar/importør		<input type="checkbox"/> total omsetnad	

## Opplysingar om søknaden

<input type="checkbox"/> Første søknad om registrering for produktet.	<input type="checkbox"/> Søknad om fornying og/eller utviding av eksisterande registrering	Originallisens nr:
<b>Produktgruppe/kriteriedokument:</b>		

## Opplysingar om vara/tenesta

Kun produkt som er oppført på den nordiske miljølisensen kan registrerast.

<b>Namn og spesifikasjon av produkt(a)</b>	
<b>Berekena årsumsetnad for produkt(a) i registreringslandet</b>	<b>FIN/ISK/NOK/DKK/SEK</b>
<b>Detaljst/forhandlar</b>	

## Søkjarens forpliktingar

Vi har lese "Reglar for nordisk miljømerking av produkt". Dersom vår søknad om miljømerkeliens/registrering innvilgast, forpliktar vi oss til å følgje desse vedtaka samt dei miljømerkingskriterium og øvrige vedtak som miljømerkingsorganisasjonen formidlar til oss.

- **Vi forpliktar oss såleis til å følgje regelverket som nemnd over, noe som m.a. inneber:**
- å oppfylle gjeldande myndigheitskrav med omsyn til ytre og indre miljø ved all framstilling og handsaming av produktet,
- å oppfylle myndigheitskrav som gjeld produktet i Norden,
- å kun bruke miljømerket på produkt som på alle måtar oppfyller krava i gjeldande miljømerkingskriterium,
- å ikkje bruke miljømerket på andre produkt enn dei som omfattast av vår miljømerkeliens,
- å ikkje parallellt marknadsføre produkt i Norden med samme, eller til forveksling likt, handelsnamn som dei miljømerka,
- å følgje reglane for bruk av miljømerket i samhøve med punkt 7 i "Reglar for miljømerking av produkt",
- å gje riktig informasjon om miljømerkinga sin verdi ved marknadsføring av miljømerka produkt i annonser og anna reklame,
- å betale fastsette avgifter til miljømerkingsorganisasjonen og øvrige kostnader i samhøve med vår søknad om miljømerkeliens og med den kontroll og testing av miljømerka produkt som er foreskrive i dei relevante miljømerkingskriteria og øvrige vedtak,
- å halde miljømerkingsorganisasjonen fri for skade mot erstatningskrav eller anna økonomisk utgift som påførast miljømerkingsorganisasjonen som følgje av skade forårsaka av produkt produsert og/eller seld av lisensnehavaren, herunder inkluderast feil og manglar ved sjølve produktet,
- å kun bruke miljømerket så lenge lisensen gjeld.

Avtale om rett til å bruke og påberope seg det nordiske miljømerke Svanen er slutført når miljømerkingsorganisasjonen har utferda registreringsbevis.

Søkjaren sitt firma/underskrift firmaansvarleg

Namn

### Opplysingar om lisensnehavaren

Kopi av miljømerkeliens leggast ved

Lisensnehavaren sitt namn og adresse	Telefon
Kontaktperson	Telefaks
	Produksjonsstad

### Lisensnehavaren si forplikting

Med dette gjev vi søkjaren rett til å nytte vår lisens for å bruke det nordiske miljømerket i det gjeldande landet. Vidare dokumenterast at dei produkta som registrering søkjast for omfattast av den aktuelle miljømerkeliens og oppfyller gjeldande miljømerkingskriterium for den aktuelle produktgruppa samt at myndigheitskrav som gjeld produktet er oppfylt.

Dato

Lisensnehavaren si underskrift

Namn

Utferda av

# Nordisk Miljømerkelisens



[Eitt av Miljømerkingssekretariata]

## Opplysinger om lisensen

<b>Føretaket sitt namn og adresse:</b>	<b>Organisasjonsnr:</b>
	<b>Telefon:</b> (inkl. landkode):
	<b>EAN:</b>
<b>Kontaktperson:</b>	<input type="checkbox"/> produsent <input type="checkbox"/> forhandlar/importør
<b>Produsent:</b>	
<b>Produksjonsstad:</b>	

## Opplysinger om lisensen

<b>Lisensnummer, versjon:</b>	<b>Gyldig t. o. m.:</b>
<b>Kriteriedokument, versjon:</b>	<b>Gyldighetstid:</b>

## Miljømerka produkt Namn og spesifikasjon av vara/tenesta pr. land;

Noreg
Finland
Danmark
Island
Sverige

Denne lisensen er nordisk og gjeld i samtlege nordiske land.

Miljømerkingsorganisasjonen gjev med dette den ovanfor nemnde lisensinnhavaren rett til å bruke det nordiske miljømerket i samhøve med lisensen sitt omfang på eller i samhøve med produkt som oppfyller krava i miljømerkingskriteria eller i samhøve med marknadsføring av produkt. For å bruke miljømerket i eit anna nordisk land krevjest inga registrering. Omsetnad av ovanfor nemnde produkt skal ein gong pr. år, på førespurnad, rapporterast til miljømerkingsorganisasjonen seinast den 1. april. Omsetnaden skal fordelast pr. nordisk land.

Miljømerkingsorganisasjonen forpliktar seg til å informere vedrørte lisensinnhavarar dersom noko i kriteriedokumentet endrast.

Lisensen vert inndrege med umiddelbar verknad dersom "Reglar for nordisk miljømerking av produkt" eller miljømerkingskriteria for produktgruppa vert sette til side. Om lisensinnhavaren pådreg miljømerkingsorganisasjonen direkte eller indirekte kostnader som følgje av dette eller om skade forårsakast av produkt fremstilt/seld av lisensinnhavaren, skal lisensinnhavaren halde miljømerkingsorganisasjonen heilt fri for skade.

Miljømerkelisensen gjeld til ovanfor oppgitt dato dersom den ikkje frå lisensinnhavaren eller miljømerkingsorganisasjonen si side seiast opp med minst tre månaders forvarsel. Lisensen kan ikkje overdragast med mindre det søkjast om overdraging.

Xxxxxx den XX xxx 20xx

[Eitt av Miljømerkingssekretariata]

Xxx Xxxxxx  
[tittel]

Xxx Xxxxxx  
[tittel]

Utstedt av  
[Eitt av Miljømerkingssekretariata]

**Miljømerkisens**  
Nordisk miljømerking



### Opplysingar om lisens/registreringsinnehavaren

<b>Føretaket sitt namn og adresse:</b>	<b>Organisasjonsnr:</b>
	<b>Telefon</b> (inkl. landkode):
	<b>EAN:</b>
<b>Kontaktperson:</b>	<input type="checkbox"/> produsent <input type="checkbox"/> forhandlar/importør
<b>Produsent:</b>	
<b>Produksjonsstad:</b>	

### Opplysingar om lisensen

<b>Lisensnummer, versjon:</b>	<b>Gyldig t. o. m.:</b>
<b>Kriteriedokument, versjon:</b>	<b>Gyldighetstid:</b>

### Miljømerka produkt Namn og spesifisering av vara/tenesta.

<b>Namn:</b>
--------------

Miljømerkingsorganisasjonen gjev med dette den ovanfor nemnde lisens- og registreringsinnehavaren rett til å bruke det nordiske miljømerket etter lisensen sitt omfang på eller i samhøve med produkt som oppfyller krava i miljømerkingskriteria eller i samhøve med marknadsføring av produkt. For å bruke miljømerket i eit anna nordisk land krevjest registrering i det respektive landet. Omsetnad av ovanfor nemnde produkt skal ein gong pr. år, på førespurnad, rapporterast til miljømerkingsorganisasjonen seinast den 1. april.

Miljømerkingsorganisasjonen forpliktar seg til å informere berørte lisensinnehavarar dersom noko i kriteriedokumentet vert endra.

Lisensen/registreringa vert tilbakekalt med umiddelbar verknad dersom "Reglar for nordisk miljømerking av produkt" eller miljømerkingskriteria for produktgruppa vert sette til sides. Om lisensinnehavaren pådreg miljømerkingsorganisasjonen direkte eller indirekte kostnader som følgje av dette eller om skade forårsakast av produkt framstilt/seld av lisensinnehavaren, skal lisensinnehavaren halde miljømerkingsorganisasjonen heilt fri for skade.

Miljømerkisensen gjeld til ovanfor oppgitt dato dersom den ikkje fra lisensinnehavaren eller miljømerkingsorganisasjonen si side seiast opp med minst tre månaders forvarsel. Lisensen kan ikkje overdragast med mindre det søkjast om overdraging.

Xxxxxx den XX xxx 20xx

[Eitt av miljømerkingssekretariata]

Xxx Xxxxxx  
[tittel]

Xxx Xxxxx  
[tittel]